

# Læring med digital støtte i Suldalsskulen

**Informasjon til elever og føresette**



**Hausten 2019 får alle elevar i Suldasskulen kvar sin iPad som  
digitalt verktøy for læring**

- Me skal utnytta teknologien i gode læringsprosessar og iPad skal brukast i lærings situasjonar der det bidreg til betre læring.

- Auka elevane sitt faglege og personlege utbyte av skulen med utgangspunkt i eigne føresetnader.

- Elevane skal utvikla gode digitale ferdigheiter som gjer at dei kan delta aktivt i dagens og morgondagens arbeids – og samfunnsliv.

- Bruk av digitale verktøy skal bidra til at elevane får likeverdige og tilpassa opplæring med auka læringsutbytte.

- Elevane skal utvikla god digital danning og døme kraft.

**KVIFOR?**





**Samfunnet er i stadig endring, og arbeidsmarknaden i framtida vil også endra seg, utan at nokon sikkert kan seie korleis og kor store endringane vil bli.**

**Det me veit er at kunnskapssamfunnet i framtida er digital, og at digitale ferdigheiter vil vere ein viktig føresetnad for vidare læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv.**

**I læreplanen er den digitale ferdigheiten derfor løfta fram som ein av fem grunnleggjande ferdigheiter (lesing, skriving, rekning, munnleg og digital). Ferdigheitene blir rekna som avgjerande reiskap for læring i alle fag.**

- Gjennom å bruka iPaden i ein fagleg samanheng lærer elevane å bruka den til å
- produsera fagstoff
  - søkja informasjon
  - skilja gode kjelder frå dårlege
  - korleis ta vare på personvernet
  - korleis dei skal oppføra seg på nettet

## Tips før iPaden kjem i hus

- Ta praten med borna: «Korleis har du det på nett? Kva er internett og korleis kan me bruka det?»
- Kor mykje tid foran skjerm er greit heime hos oss?
- Hjelp dei med å finna ein fast plass i huset der iPaden skal ladast
- Digital danning - ver gode rollemodellar
- Lag gode praktiske rutinar

## Køyrereglar for bruk av iPad for deg som er elev:

- Eg startar skuledagen med fullada iPad.
- Min iPad har alltid på deksel.
- Eg legg alltid sekk med iPad på den plassen lærar/SFO-tilsett har sagt me skal leggja den før og etter skuledagen.
- Eg veit at iPaden kan bli øydelagd og behandlar den forsiktig. Dette gjeld på skulen, i sekken til og frå skulen og når eg bruker iPaden heime.
- Eg låner ikkje iPaden vekk til andre.
- Eg veit at iPaden er skulen sin eigedom.
- Eg er godt kjent med ordens-og åtferdsreglane som også omfattar iPaden og bruk av iPad.

Ved utdeling av iPad skal føresette og elevar skriva under på ein avtale om bruk av iPad i skulen.

De vil få meir informasjon om bruk og handtering av iPad som digitalt verktøy for læring etter oppstart i haust.

